

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2014



ROGALAND BONDELAG



EN LØNNSOM PARTNER!



Felleskjøpet Rogaland Agder

www.fkra.no

Innhald

Årsmøtet – 2014	3
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2014.....	9
Næringspolitiske saker.....	10
Organisasjonssaker.....	26
Andre saker.....	32
Leiarane i lokallaga.....	40
Medlemsoversikt	41
Rekneskapen 2014	42



Framsidebilde:

Alf Slettebø frå Bjerkeim i "Kæ seie bonden".



*Bilde frå fotokonkurransen,
sendt inn av Synnøve Véien.*

Frå styret:

Brudd i Jordbruksforhandlingene

Året 2014 er blitt historie, og vil bli hugsa som året med godt og lagleg ver og med gode avlingar. Svine-næringsa kom opp av bølgedalen og pelsdyrnæringsa fekk nok eit tøft år.

Den norske landbrukspolitikken som er blitt utforma over generasjoner med vekslande politisk styring, er bygd på fire pillarar. Dei fire pilarane er importvernet, jordbruksavtalen, marknadsreguleringsrolla og lovregulering av eiendomsmarknaden.

Desse fire elementa har regjeringa sett under press, fordi dei stirr imot den liberale ideologien om fri konkurranse både nasjonalt og internasjonalt. Regjeringa er i mindretal og må sokja støtte for endringar hjå andre parti. Makta ligg i Stortinget og me i Bondelaget må jobba for at landbruket får stor merksemd frå opposisjonen og støttepartia. Målet er i sikra lønnsmed og auka norsk matproduksjon på norske ressursar. Det må skje på ein berekraftig måte som gir trygg og ørleg mat til alle.

Styret sitt arbeid i året som har gått, har naturleg vis dreidd seg mykje om politikk. Folk har mange rare oppfatningar om landbruket. Vår oppgåve er derfor å skapa betre forståing av det arbeidet me bønder faktisk driv med. Det er ikkje sjølvsakt at folk kan ha brød og mjølk på frukostbordet kvar dag. Sidan folk flest utanfor vår næring vert prega av utsegn og meininger frå politikarar og samfunnsdebatantar, er det viktig for oss å retta innsatsen mot desse.

Listhaug uttalte at landbruket har eit imageproblem. Kreative personar vart inspirerte av Ylvis-brødrane og resultatet vart musikkvideoen «Kæ seie bonden». Filmen viste fram vår kvardag i fjøsdress og støvlar, med både humor og alvor. Lanseringa vart vist på NRK Dagsrevyen og musikkvideoen vart raskt spreidd på sosiale media samt nyhetsmedia som NRK, Aftenbladet, Dagbladet osv. Videoen har hatt over 300 000 visningar på YouTube, og i NRK Rogaland vart den kåra til den meste leste artikelen for 2014 med 270 844 treff!

Eg vil takka initiativtakar til musikkvideoen, Bente Gro Slettbo, og alle dei andre som gjorde det mulig å produsere videoen. Filmen fekk fram eit viktig bodskap med ein lett humoristisk vri. Ekstra kjekt vart det når Knut Storberget uttalte på Bondetinget at «Kæ seie bonden» hadde fått Ap til å vakna.

I haust sendte regjeringa eit forslag om å oppheva konsesjonslova og búplikta på høyring. Formålet med konsesjonslova er å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og å sikra eit eigar- og bruksforhold som er mest gagnleg for samfunnet. 15 av dei 17 kommunene i Rogaland som har levert høyningsuttale, seier nei til å oppheva konsesjonslova og búplikta. Det same gjer Rogaland fylkeskommune og fylkesmannen i Rogaland. Eg er svært glad for det store engasjementet den saka har hatt hjå lokalpolitikarane og for den massive motstanden det er mot å fjerne konsesjonslova. Eg



forventar at våre stortingsrepresentantar tek dette med seg når saka skal handsamast i Stortinget.

Eg vil takka lokallaga spesielt, som tek initiativ til møter og aktiviteter og stiller opp når det skal aksjonerast. Det sterke engasjementet blant medlemane gir meg motivasjon til jobben som fylkesleiar.

Til slutt vil eg takka styret og tilsette på kontoret for godt samarbeid i året som er gått!

*Med helsing
Ola Andreas Byrkjedal*

Årsmøte i Rogaland Bondelag 2014

Årsmøte vart halde på Rica Maritim Hotel i Hauge-sund, 14. – 15. mars 2014.
Møteleiar var Per Inge Egeland.

Korrigering av deltakarliste:

Alle deltakarar vart registrert og ved møtestart vart det 72 utsendingar frå 36 av 41 lokallag. Frå styret møtte alle 7 representantane, 3 medlemmar frå årsmøte i Norges Bondelag, to representantar frå RBU, ein representant frå RBK og to medlemmar av representantskapet i Norges Bondelag. Totalt var det 87 røysteføre. Frå Norges Bondelag deltok styremedlem Einar Frogner. I tillegg var det fleire gjester.

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Fylkesleiar Ola Andreas Byrkjedal ønskte utsendingar, æresmedlem og gjester velkomne til årsmøte og gav ordet til møteleiar Per Inge Egeland, som refererte møteinnkalling og saksliste. Det var ingen merknader til møteinnkalling og saksliste. Møteleiar erklærte møtet for lovleg sett og gjorde møtet ope for pressa med høve til å lukka møtet der som saker skulle tilsei det.

Til å skrive under møteboka vart følgjande valde:

Odd Sele, Bore Bondelag og Inga Steinsland, Bjoa Bondelag.

Til medlemmar i resolusjonskomité vart følgjande valde:

Leiar Kjell Andreas Heskestad, styret Arnstein Røyneberg, styret Marit Epletveit, Gjesdal Bondelag Øyvind Voilås, Egersund Bondelag Inga Steinsland, Bjoa Bondelag Sven Gil Westersjø, Hjelmeland Bondelag Are Hauge Braaten, kontoret – sekretær

Leiaren sin tale:

I talen til Ola Andreas Byrkjedal var tema blant anna følgjande:

- Bondelaget skal vera opent og utadvent, skapa verdiar gjennom debatt og innspel og kome med forslag på løysningar.
- Rogaland, viktig innan norsk matproduksjon, vi skal vera stolte av vår matproduksjon.



Frå venstre: Olav Sande, org.sjef, Per Inge Egeland, ordstyrar, Ola Andreas Byrkjedal, fylkesleiar.

- Landbruket i fylket er viktig for sys-selsetting innan foredling.
 - Jordbruksforhandlingane 2013, takk for stort engasjement.
 - Vi skal vera stolte av å vera bønder.
 - Valet 2013, vår jobb var å få fram forskjellane mellom partia i land-brukspolitikken. Utfordrande med ny regjering og FrP statsråd som landbruksminister. Er bekymra for at det kan skje endringar som øydelegg ting som det har teke generasjonar å byggja opp.
 - Viktig med politikarkontakt, stortings-representantane treng oppfølging.
 - Store prosjekt innan samferdsel. Må gje uttalar. Kva med å danna ”kort-tidsgrunneigarlag” som knyt til seg spesialkompetanse innan jus og plan.
 - Beredskap.
Det er politikarane sitt ansvar å sikra matforsyning og beredskap i landet. Vi treng eit beredskapslager i Norge! Gjennom FN – konvensjonen har kvart land forplikta seg til å sørge for større matsikkerhet for eigne inn-byggjarar.
 - Jordvern.
Viktige område for matproduksjon er under press for utvikling til annan næring og til nye bustadar. Store ver-neinteresser på natur- og kultursida. Matjord treng juridisk vern.
- Jordbruksforhandlingane 2014.
Kva vil landbruksministeren: Foren-kling, ikkje distriktpolitikk? Syne til komande jordbruksforhandlingar, ska-pe usikkerhet, vente og sjå haldning.
Fylkeslaget sin uttale: Målsetting om eit aktivt landbruk over heile landet må ligge fast. Følgjande må priori-terast: økonomien i mjølkeproduk-sjonen, jordbruket må behalde effek-tiviseringsgevinsten, auke i pris på fôrkorn må kompenseraast, betra ramevilkår for bruk av beiteressursa-ne, fraktilskot avgjerande for land-bruk over heile landet og Rogaland Bondelag vil rå frå omfordeling av midlar.
 - Familielandbruket
FN har peika ut 2014 til å vera familielandbrukets år. Familielandbruket er viktig for berekraftig utvikling på landbygda og i matproduksjon.
 - Heilt avhengige av aktive lokallag, de gjer ein stor innsats i organisasjonen.
”Me kjem lengst når vi dreg i lag”

Etter leiaren sin tale var det premie-re på film laga av infoutvalet ved Bente Gro Slettebø og Sigbjørn Hofsmo: *Kæ seie bonden.*

På bakgrunn i leiaren sin tale, vart det opna for debatt. Følgjande hadde ordet i debatten:

Arnstein Røyneberg, helge Todnem, Arne Berge, Per Bergøy, Askild Eggebø, Arnstein Gilje, Odd Sele, Bjørn Friestad, Bente Gro Slettebø, Geir Pollestad stortingsrepr. frå SP.

Nokre punkt frå debatten:

- Ønskjer diskusjon på mjølkekvote-systemet, kva med felles kvotetak?
- Trur ikkje at distriktslandbruket vert lagt ned om ein hevje mjølkekvote. Må behalda sonegrensene for kjøp, sal og leige. Betre ramevilkår innan mjølkeproduksjon
- Jordvern, må sterkare lut til! Vi er ved eit vegskilje. Dyrka jord har liggare vern enn strand og llynghei. Vi sit i glashus, 400 da matjord bygd ned på Kviamarka.
- Yrkesstolte bønder
- Jordbruksforhandlingane, må ikkje forhandle ned lønnsemda slik som det ble gjort for svin i fjar.
- Ros til ordføraren i Finnøy kommune for sitt engasjement innan landbruket.
- Bonden set og standard for utviklinga i landbruket
- Kva gjer vi for å styrka utdanninga i landbruket
- Nå – vente og sjå haldning
- Vi kan leve – økonomiske verke-middel må på plass
- Pelsdyr, lite nemnd i debatten, viktig næring i bygdene
- Mjølkeproduksjonen er ryggrada i distriktslandbruket, Bondelaget må kjempe for struktur, avhengig av å vera heiltidsbonde.
- Familielandbruket, bærande.

Fylkesleiar Ole Andreas Byrkjedal oppsummerte og takka for gode diskusjonar.

Møteleiar takka for godt engasjement og gjekk vidare på saklista.

Sak 1: Årsmelding for 2013:

Nestleiar i styret Kjell Andreas Heskstad gjekk gjennom årsmeldinga og kommenterte saker frå årsmeldinga.

Følgjande hadde ordet til årsmeldinga: Bjørn Friestad, Odd Sele og Arne Berge.

- God årsmelding.
- Leiarmøte i 2013 med besøk frå Nord Trøndelag var topp.
- Krav om lausdrift innan storfehald må oppretthaldast, fleksibel på mindre bruk.
- Årsmeldinga for 2013 vart samrøystes godkjent.

Sak 2: Rekneskapen for 2013

Orgsjef. Olav Sande gjekk gjennom rekneskapen for 2013.

Inga Steinsland og Gette Eidesen hadde ordet.

Kommentar på budsjettoverskridning på leiarmøte og om revisorgodkjenning av rekneskapen. Rekneskapen vert ført sentralt i Norges Bondelag og revidert i samband med revidering av NB sitt rekneskap.

Rekneskapen for 2013 vart samrøystes godkjent.

Sak 3: Innkomen sak.

Bondelaga i Dalane sende sak til årsmøte innan rett tid.

”Årsmøtet i Rogaland Bondelag 2014

Forslag til vedtak:

Fokus på effektiviserings prosent i jordbruksforhandlingane.

Det er 3 hovudfaktorar som påverkar brutto inntekt, prisar, overføringer og effektiviseringsgevinst. Årsmøtet i Rogaland Bondelag vedtek å arbeide for at effektiviseringsprosenten blir satt på dagsorden i organisasjonen på linje med priser og overføringer. Og kreves fjernet frå kravet til Staten frå Bondelaget.

Grunngjeving:

Mange gardsbruk har dei siste åra auka produksjonen og utnytta garden maksimalt, både bygningar og jord. Og det er ikkje mogleg å auke produksjonen eller effektiviteten, disse får då ikkje vera med på heile effekten av jordbruksforhandlingane. Dei som investerer og aukar produksjonen har som regel store finanskostnader og treng av økonomiske grunner å behalde effekten av effektivisering sjølv. Den nye regjeringa har sagt at me skal auka den norske matproduksjonen, og då må me ha alle med på laget.

Driftsgranskningane viser høg avgang av gardsbrukarar. Ein av hovudårsakane er svak økonomi i Næringa. Dette går imot følgjande mål:

- Produsera mest mogleg mat på norske ressursar.
 - Oppnå lønns og arbeidsvilkår på nivå med samfunnet elles.
 - Høgaste mulig sjølvforsyningsgrad.
- Bondelaga i Dalane”*

Styret i Rogaland Bondelag behandla saka og hadde følgjande forslag til vedtak til årsmøte:

Forslag til vedtak

Styret i Rogaland Bondelag syner til saksutgreiing og kan ikkje tilrå årsmøte å støtte kravet om å utelate effektiviseringsprosenten i talgrunnlaget for jordbruksforhandlingane ut frå følgjande:

- Talgrunnlaget som Budsjettetnemnda legg fram til jordbruksforhandlingane er eit felles utgangspunkt for faglaga og staten. Utan grunnlagsmateriale som ein er samde om kan det ikkje verta forhandlingar.
- Jordbruket effektiviserer og må synast i talmaterialet på lik line med annan inntekts-, kostnads- og utviklingstrekk i samfunnet.
- Det er prinsipielt feil å binde Norges Bondelag sitt forhandlingsutval opp i enkeltmoment.

Saksutgreiing:

Saka som Bondelaga i Dalane tek opp er ei viktig problemstilling i landbrukspolitikken.

I følgje verdiskapingsrapporten for landbruket i Rogaland som NILF arbeida i 2012 kjem det fram at talet på jordbruksbedrifter er gått frå 5 977 i 2000 til 4753 i 2010, noko som er ein reduksjon på 1224 jordbruksbedrifter. I 2010 søkte 5 693 produksjonstilskot og i 2010 var det 4 657 søkerarar, noko som er ein reduksjon på 1036. Dette er med å gje ein peikepinn på effektiviseringa i rogalandsjordbruket. Matproduksjonen har ikkje vorte redusert i denne perioden.

I dei seinare åra har tala frå Budsjettetnemnda lagt til grunn ei årlig effektivisering på om lag 4%. Denne gevinsten har landbruket (bondelaget og småbrukarlaget) i sitt kravdokument krevd at landbruket skal behalda denne gevinsten. I forhandlingane for 2013 utgjorde dette om lag kr 470 mill. I forhandlingsresultatet fekk vi kr 740 mill som såkalla nivåheving, ein del av effektiviseringsgevinsten er putta inn i dette beløpet utan at ein kan talfesta det.

Forslaget frå Bondelaga i Dalane kan vera relevant som grunnlag for diskusjon kva ein vil med norsk landbruk.

Om utarbeiding av kravdokument og i forhandlingane:

For at staten og faglaga skal ha same utgangspunkt i talmaterialet føre forhandlingane legg Budsjettetnemnda fram sine utrekningar og berekningar. Rapportar frå blant anna rekneskapskontor og Statistisk sentralbyrå er viktige grunnlagsdokument i vurderingane til

Budsjettnemda sitt arbeid. Det er grunnleggende for heile forhandlings-systemet at ein har same utgangspunkt i talmaterialet i samband med førebuing og gjennomføring av forhandlingane. I dette talmaterialet vil effektiviseringa i landbruket koma fram og må visast i talgrunnlaget. Alle tal som vedkjem utviklinga i landbruket må visast. Det er effektivisering, rentenivå, leasing-kostnader, kostnadsutvikling og inntekter ut over/under berekna utvikling innan dei fleste produksjonar vurdert. I budsjettnemda er både faglaga og staten representert.

Ut frå dette kan ikkje styret i Rogaland Bondelag tilrå at ein utelet utviklingstrekk som grunnlag for jordbruksforhandlingane. Kor stor grad ein får behalda effektiviseringsgevinsten i landbruket er og må vera ein del av jordbruksforhandlingane.

Følgjande hadde ordet til saka: Geir Olav Tysland, Øyvind Voilås, Ola Andreas Byrkjedal, Bjarne Undheim.

Votering:

Forslag frå Bondelaga i Dalane fekk 8 stemmer.

Forslaget frå styret i Rogaland Bondelag vart vedteke.

Styremedlem i Norges Bondelag Einar Frogner hadde innlegg på følgjande tema: "Ny regjering, Ny politikk?"

Følgjande tema vart blant anna tatt opp i hans innlegg:

- Vårt samfunnsoppdrag: Behov for auke i matproduksjonen
- Norge er våtare, kaldare, brattare, meir avsides og dyrare enn andre land
- Korleis vil klimaendringane påverke verdas matproduksjon
- Jordgrabbing, land kjøper store jordbruksareal i andre land / kontinent.
- Handel / eksport av korn utgjer liten del av forbruket i dei fleste land.
- Auke i norsk matproduksjon
- Import av landbruksvarer har ein verdi på kr 40 mrd. Eksport for 5 mrd. Importen var i år 2000 om lag kr 17 mrd, i 2011 kr 40 mrd. Eksport har vore stabil i same tidsrom.
- Norsk matproduksjon har vore stabil frå 1990 og fram til nå. Kva grep må ein gjer for å auke norsk matproduksjon.
- Kornarealet i vårt land er redusert med 845 000 dekar frå 1991 til 2013.
- Jordbruksavtalen, kva skjer med budsjettoverføringane – kva nivå kan

ein venta seg? Kva gjer støttepartia Venstre og Kristeleg Folkeparti?

- Vi har mindretalsregjering – Stortingset er viktig!
- Krevjande landbrukspolitisk situasjon

Sentrale deler av politikken i spill

- Juridiske verkemiddel. – jordvern og egedomspolitikken
- Importvern
- Inntekt. Jordbruksforhandlingane, - tilskott / overføringer. Prisar, marknad
- Investeringsverkemiddel, skatt.

- Marknadsbalansering

- Regjeringa vil forenkle. Må utgreie konsekvensane først.

- Tilpassa strukturen til Norges topografi og ikkje forsøke tilpassa Norge til ein "ønska struktur." Landbruk i heile landet.

- Mjølkeprodusentane, 66% av føretaka er under landsgjennomsnittet på 24 mjølkekyr.

- Korn og kraftfôr. Korn- og kraftfôr-politikken er eit viktig landbrukspolitisk verkemiddel for å utnytte areala best mogleg.

- Forhandlingane 2014

- Kor mykje skal vi krevja?
- Kva med fordelinga mellom pris og budsjett?
- Korleis skal kravet innrettas?
- Kva kan "forenklast"?
- Skal vi ha ein "smerteterskel"?

- Fotosytesen – er og blir den einaste fornybare og reelle verdiskaping!

Etter Einar Frogner sitt innlegg hadde følgjande ordet:

Bente Gro Slettebø, Anders Ueland, Bjørn Friestad, Arne Berge, Kåre Søyland, Torgeir Kinn, Bernt Palle Nærland, Geir Erik Anestad, Anne Lise Kindingstad, Gabriel Joa, Arnstein Røyneberg, Geir Heggheim, Sveinung Svebestad, Bjarne Undheim, Jakob Eskeland,

Nokre punkt frå debatten:

- Stå på krava! Landbruket må stå samla.
- Skattelette – farleg veg med skattelette, er dei som avvikle som nyte godt av dette.
- Gamle driftsbygningar, 50% er tome, næringa må finna løysning på dette.
- Omfordeling er bannlyst.
- Eggproduksjon, vi får avtaleproduksjon dersom konsesjonsgrensa vert hevja. Eggproduksjon må ha marknadsbalansering.
- NB bør ha ein klar strategi og vera offensive.



Bente Gro Slettebø, Bjerkreim Bondelag.

- Må få til ei avtale, må stå samla uansett produksjon, ikkje splid mellom produksjonar.
- Jordvern er ikkje for bonden sin del.
- GMO fritt soya. Ekstrarekninga for GMO fritt er eit samfunnsansvar.
- Marknadsregulering, kva kjem ut av ein gjennomgang?
- Fraktordningane er dei mest målretta i distriktslandbruket.
- Må stimulera til produksjon av storfe og lam.
- Passiv drift svarar seg i dag, må endringar for å få betre drift på jord.

Einar Frogner takka for mange gode innlegg i debatten, han fekk mange gode innspel med seg.

La oss håpe at kunnskap og fakta vil ligge til grunn i utforminga av landbrukspolitikken.

Temaforedrag:

Dagleg leiar i Vindafjordbonde as Frank Robert Abelseth hadde eit flott, engasjerande og motiverande innlegg om å vera bonde, kvifor vera stolt og korleis motivera kvarandre.

Lukka møte:

Årsmøtet vart lukka. Det er årsmøteutsendingane og tilsette på kontoret som deltek på denne type lukka møte. Einar Frogner orienterte om aksjonsplanar i førekant av jordbruksforhandlingane og moglege aksjonsformer lokalt, i fylka og sentralt. I ordskifte etter innlegget kom det fram synspunkt som fylkeslaget vil ta med seg i den vidare planlegginga.

Slutt første dag.



Lisa Breiland, styremedlem i Rogaland Bondelag Sonja Herikstad, styremedlem i Rogaland Bondelag, Kjell Andreas Heskestad, nestleder i Rogaland Bondelag

Middag om kvelden

Signe Henriksen vart utnemnd til Åresmedlem i Rogaland Bondelag for sitt gode arbeid for fylkeslaget og rogalandsbonden. Ho har vore tilsett på kontoret i 33 år. I alle desse åra har Signe vore ein svært god tilretteleggar for arbeidet med å betra ramevilkåra for rogalandsbonden og eit styrka organisasjonsapparat i Bondelaget og Bygdeungdomslaget.

Gjesdal Bondelag vart utnemnd til årets lokallag i Rogaland for arbeidsåret 2013. Prisen er ei møteklubbe med inngraving og eit pengebeløp på kr 5000,- Gjesdal Bondelag vert nominert til årets lokallag nasjonalt, den prisen vert delt ut på Norges Bondelag sitt årsmøte.

Leiar i Valkomiteen Sigmund Slettebø takka for eit godt og triveleg måltid.

Dag 2

Leiar i resolusjonskomiteen Kjell Andreas Heskestad la fram foreløpig forslag til resolusjon frå årsmøtet. Tema på resolusjonen har bakgrunn i FN sitt år om Familielandbruket.

Komiteen arbeider vidare med resolusjonen på bakgrunn i innspel.

Til Sak 4 og Sak 5

Etter forslag frå Judit Vikingstad gjorde Årsmøte følgjande vedtak: Arbeidsplanen skulle behandlast før Budsjett.

Sak 5. Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2014 – 2015

Styremedlem i Rogaland Bondelag Lisa Breiland gjekk gjennom forslag til arbeidsplan for komande arbeidsår.

Følgjande hadde ordet til arbeidsplanen: Per Bergøy, Andreas Eikeland, Judit Vikingstad, Helge Todnem, Inga Steinsland, Bente Gro Slettebø, Helen Berge sen, Elisabeth K. Nesheim, Arnstein Røyneberg, Bjørg Seldal, Arne Berge.

Moment som kom inn:

- HV – ordninga: Korleis skaffe avløysar fleire dagar midt i veka. Bør bonden sine ressursar verta brukt på garden innan matproduksjon.
- Ønskjer strategiplan for Rogaland Bondelag lagt fram i saka.
- Frukt og grønt i butikk er viktig.
- Arbeide for eige fagbrev innan frukt og grønt i butikk.
- Oppfordre til å lage film innan matberedskap
- Fleire aktive kvinner i bondelaget.
- Omdømmebygging, meir synleg arbeid.
- Støtte betre opp om pelsdyrnæringa.

Helge Todnem hadde følgjande forslag:

Rogaland Bondelag arbeider for å om mogleg å få til eige fagbrev for dei som er ansvarlege for frukt og grønt avdelingane i butikk.

Vedtak: Oversendt styret for vidare behandling.

Inga Steinsland hadde følgjande forslag: Oppføljar til filmen "Kæ seie bonden"

Få fram at verden treng 60% meir mat om 50 år, at matproduksjonen går ned med 2% årleg på grunn av klima og mangel på vann.

Ein film innan matsikkerhet få fram følgjene visuelt ved lite mat i landet.

Kulturlandskap som forsvinn.

Vedtak: Oversendes styret for vidare behandling.

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2014 – 2015 vart lagt fram for voting.

Vedtak: Arbeidsplan vart samråystes godkjent.

Sak 4: budsjett for 2014

Org. sjef Olav Sande la fram forslag til budsjett for 2014.

Vedtak: Forslag til budsjett vart samråystes godkjent.

Landkreditt, ved Stein Pettersen og Trond Lode orienterte om si bankdrift og avtale med Norges Bondelag.

Opplysningskontoret for kjøt og egg orienterte om sitt arbeid innan bruk av kjøt og egg. Framført av marknadssjef for bransjeutvikling Even Nordahl og marknads og utviklingssjef Tonje G. Svarheim.

Sak 6: Val

For å få ein oversikt på kor mange de-

legatar med stemmerett som var til stades, vart det teke oppteljing. Det var 84 delegatar med stemmerett.

Leiar i valkomiteen Sigmund Slettebø orienterte om arbeidet i komiteen og la fram forslag frå valkomiteen. Innstillinga er samrøystes, med unnatak i første vararepresentant til styret der innstillinga var mot ei stemme i komiteen.

1. Leiar for eit år:

Etter forslag frå valkomiteen vart Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal Bondelag attvald som leiar med 81 stemmer. 2 blanke stemmer.

2. Val av to styremedlemmar for to år:

Forslag frå valkomiteen.

Representant frå Jæren:

Sonja Herikstad Skårland, Time Bondelag
Vart vald med 81 stemmer. 2 blanke.

Representant frå Dalane:

Kjell Andreas Heskstad, Lund Bondelag
Vart vald med 84 stemmer.

3. Nestleiar for 1 år:

Forslag frå valkomiteen: Kjell Andreas Heskstad. Vald med akklamasjon.

4. Tre varamedlemmar til styret for 1 år:

Valkomiteen sitt forslag:

1. Arnstein Røyneberg,
Sola Bondelag. Vald med akklamasjon.

2. Tor Inge Eidesen, Skåre Bondelag.
Vald med akklamasjon.

3. Guttorm Gudmestad,
Rennesøy Bondelag.

Som motkandidat til Guttorm Gudmestad vart Inga Steinsland, Bjoa Bondelag foreslått. Ved avstemming fekk Inga Steinsland 56 stemmer, Guttorm Gudmestad fekk 23 stemmer, 2 blanke stemmer og 3 stemmer vart forkasta. Inga Steinsland vart vald til 3. vararepresentant til styret.

5. Seks utsendingar til årsmøte i Norges Bondelag:

Forslag frå valkomiteen.

Frå Nord Rogaland:

Tor Inge Eidesen, Skåre Bondelag

Frå Ryfylke:

Lisa Breiland, Finnøy Bondelag

Frå Jæren:

Sonja Herikstad Skårland,
Time Bondelag

Jan-Arild Anda, Klepp Bondelag

Marit Epletveit, Gjesdal Bondelag

Frå Dalane:

Kjell Andreas Heskstad, Lund Bondelag
Alle valde med akklamasjon.

6. 11 vararepresentantar til årsmøte i Norges Bondelag:

1. Inga Steinnes,
Bjoa Bondelag
2. Bente Gro M. Slettebø,
Bjerkreim Bondelag
3. Guttorm Gudmestad,
Rennesøy Bondelag
4. Lenita Salte,
Varhaug Bondelag
5. Egil Byberg,
Forsand Bondelag
6. Jostein Sleveland,
Helleland Bondelag
7. Svein Helge Høyvik
Tysvær Bondelag
8. Martin Folkvord,
Sandnes Bondelag
9. Morten Dale,
Karmøy Bondelag
10. Åsbjørn Høyland,
Nærø Bondelag
11. Olav Sande,
Organisasjonssjef.
Alle valde med akklamasjon.

7. Val av ordstyrar og vara for leiarmøte i 2014 og årsmøte i 2015.

Forslag frå valkomiteen:

Per Inge Egeland, Hjelmeland Bondelag

Varaordstyrar:

Forslag frå valkomiteen:
Sigmund Slettebø, Eigersund Bondelag
Begge valde med akklamasjon.

8. 4 medlemmer med vararepr. til valnemnda for årsmøta i 2014 og 2015

Frå Jæren:

Sven Martin Håland, Sandnes, ny
Sigmund Rangen Varhaug, ikkje på val
Vara: Sigmund Wiig, Orre, ny
Vara: Jone Fosse, Time, ikkje på val

Frå Dalane:

Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund, ny
Svein Roald Tengesdal, Bjerkreim,
Ikkje på val

Vara: Ole Kristian Rundevold, Helleland
Vara: Gaute Urdal, Sokndal, ikkje på val

Frå Ryfylke:

Bjørg Hauge, Hjelmeland, ny
Gerd Johanne Bøe, Fogn, ikkje på val
Vara: Svein Levik, Forsand
Vara: Olav Dysjaland, Rennesøy, ikkje på val

Frå Nord-Rogaland:

John Egil Frøystad, Skåre, attval
Jørn Apeland, Sandeid, ikkje på val
Vara: Norleif Fjellheim, Skjold, attval
Vara: Kjell Thomas Kirketeig, Ølen.
Ikkje på val



Bjørn Friestad frå Søre Hå Bondelag.

9. Leiar og nestleiar i valnemnda;

Leiar: Sigmund Rangen, Varhaug, ny

Nestleiar: John Egil Frøystad, Skåre, ny

Ordet fritt – helsingar

Nils T Bjørke, leiar i Norges Bondelag, på telefon gratulerte med vellykka film.

Olav Varhaug frå Rogaland Bygdedungdomslag takka for godt samarbeid og spesielt med Signe Henriksen på kontoret. Ho fekk overrekt gåve for godt arbeid i mange år.

Helge Todnem, Randaberg Bondelag inviterte til avduking av jordvernbauta på Randaberg søndag 27. april kl 14.00.

Per Inge Egeland leiar i Norsvin Rogaland og Geir Heggheim, leiar i Norsvin takka for godt samarbeid og ønskte lukke til med jordbruksforhandlingane.

Fylkesleiar Ola Andreas Byrkjedal avslutta årsmøte med å takka for tilliten for eit nytt år som leiar. Han såg fram til fortsatt godt samarbeid med lokallaga og oppmoda dei til innspel og gode aktivitetar for å setja landbruket på kartet.

Resolusjon fra årsmøtet i Rogaland Bondelag 2014, familiejordbruks år

FN har oppnevnt 2014 til det internasjonale året for familiejordbruk. Dette er en heder til den norske formen for jordbruk. Familiejordbruk har gjennom generasjoner vist seg å være den mest effektive driftsformen. Den gir ekstra motivasjon til stadig forbedring, og ressursene på gården blir utnyttet optimalt.

- For å ta vare på familiejordbruket må regjeringa ta ansvar for å:
 - Sikre stabile rammevilkår i hele landet, slik at unge vil ha jordbruket som levebrød.
 - Innse at matjorda er en avgjørende ressurs, og ivareta jorda til matproduksjon for befolkningen. Husk at kun 3 % av Norges areal er egna til matproduksjon, derfor trenger vi et effektivt vern av matjorden.
 - Sikre deleforbudet, bo- og driveplikten, slik at jorden blir eid av bonden som driver den.



Bilde fra fotokonkurransen, sendt inn av Hildegunn Mydland.

Resolusjon frå årsmøtet i Rogaland Bondelag 2014, "kva seier bonden?"

- At Noreg har mat til eigen befolkning er Stortinget sitt ansvar. Bonden er reiskapen til å dyrka mat på norsk jord.
- Timeløna til bonden har vore for låg over lang tid. Det er det største problemet i landbruket.
- Me har lite matjord. Det er det største problemet i Noreg. Der for treng me produksjon i heile landet, både høgt og lågt.
Noreg er annleislandet. Det krev mykje arbeid for å dyrka mat her. Derfor kan ikkje alle norske gardar vera store gardar.

Styret og utval i Rogaland Bondelag

Styret:

Ola Andreas Byrkjedal
Kjell Andreas Heskstad
Sonja Herikstad Skårland
Lisa Breiland
Jan Idar Haugen
Ann Elisa Mæle (RBK)
Elin Egeland Roda (RBU)
1.vm. Arnstein Røyneberg
2.vm. Tor Inge Eidesen
3.vm. Inga Steinsland

Informasjonsutvalet:

Kjell Andreas Heskstad
Bente Gro M. Slettebø
Lisa Breiland
Sigmund Osmundsen Bø
Svein Ståle Kolstø

Grøntutvalet:

Ståle Runestad
Ola Sunde
Terje Pundsnes
Odd Sele
Arne Vagle, Jæren Forsøksr.

Jordvernutvalet:

Gette Eidesen
Torgeir Kinn
Arnstein Røyneberg
Erik Thoring, Naturvernfr. i Rog
Hans Aarsland, Jordv.f. Rogaland

Verveutvalet:

Geir Oluf Hareland
Solveig Øie
Kjell Andreas Heskstad

U-landsutvalet:

Elisabeth K. Nesheim
Terje Øen, TINE M. Sør BA
Synnøve Jørgensen
Kari Rege Nilssen

Samarbeidsrådet:

Olav Røysland
Ola Andreas Byrkjedal
Hanne Våland
Askild Eggebø
Gabriel Joa
1.v. Anfinn Rosnes/ Morten Malmin fra
desember?
2.v. Lodve Håland
3. v. Reidun Oline Skadsem



Bak: Are Hauge Braaten, Jan Idar Haugen, Arnstein Røyneberg, Olav Sande,
Kjell Andreas Heskstad, Fremst: Ola Andreas Byrkjedal, Lisa Breiland Sonja Herikstad,
Marianne Osmundsen Bø.

Samarbeidsutvalet RB/GJ.:

Ola Andreas Byrkjedal
Kjell Andreas Heskstad
Olav Sande
Gjensidige Forsikring:
Torbjørn Bø

Æresmedlem i fylkeslaget:

Einar K Time Stavanger
Bjarne A Undheim, Time
Karl Brådile, Bjerkreim
Svein Helge Harbo, Nærø
Signe Henriksen, Strand.

Utsendingar til Norges Bondelag

sitt årsmøte:

Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal
Kjell Andreas Heskstad, Lund
Jan Idar Haugen, Skjold
Lisa Breiland, Finnøy
Sonja Herikstad Skårland, Time
Jan-Arild Anda, Klepp
Arne Berge, Time
Jarle Ravnås, Strand
Inga Steinsland, Bjoa
Marit Epletevit, Gjesdal
Tor Inge Eidesen, Skåre
Bente Gro M. Slettebø
I tillegg møtte Arnstein Røyneberg på årsmøtet som 1. vara til styret i Norges Bondelag.

Næringspolitiske saker

Innspel til jordbruksforhandlingane 2014.....	10
Aksjonar i samband med brotet i jordbruksforhandlingane	14
Gårdsbesøk hos Lisa Breiland	15
Jordvernaksjon på Frøyland.....	15
Landbruksdag i Vindafjord	16
Jordvernskonferansen - i ord og handling	16
Aksjonsdag på Kvadrat.....	17
Forskrifter om produksjonstilskot og avløysartilskot.....	17
Regionalt tiltaksprogram for Vassregion Rogaland 2016 – 2021.....	18
Krav om oppstalling av storfe	20

Innspel til jordbruksforhandlingane 2014

Utanen frå Rogaland Bondelag er på grunnlag i uttale frå 25 lokal-lag, uttale frå grøntutvalet og 10 ulike organisasjonar. Alle uttalar er lagt fram for styret. I tillegg har styret hatt samrådsmøte med landbruksrelaterte organisasjonar.

Generelt

Rogaland er eit av dei fremste landbruksfylka med om lag 20% av dei grøvforbaserte dyreslag og om lag 30% av dei kraftførbaserte dyreslag i landet. Vidare har vi om lag 10% av landet sitt jordbruksareal og 30% av innmarks-beite. Kornproduksjonen i Rogaland er ubetydelig i forhold til bruken av fôrkorn, det meste vert tilført frå andre deler av landet, eller ved import.

Innanfor veksthusnæringa står tomatproduksjon sterkt med om lag 85% av landet sin produksjon og agurkproduksjonen i fylket står for om lag 30%. Grønsak på friland er i område av fylket dominande.

Strukturrasjonaliseringa i landbruket held fram i fylket. I 2010 var det 4657 søknader om produksjonstilskot og i 2013 var det 4401 søknader. På tre år var det ein reduksjon på 256 søknader, ein årlig nedgang på om lag 2%. Det er i fylket regionale forskjellar på strukturrasjonaliseringa / reduksjon av søknader på produksjonstilskot.

Etter valet og ny regjering med Høyre og Fremskrittpartiet i førarsete er det med spenning vi ser fram til årets jordbruksforhandlingar. Lokallaga er avventande.

Vil Fremskrittpartiet med sin landbruksminister få gjennomslag for sin politikk?

Vil støttepartia KrF og V vera harde nok med å stilla krav i førekant av forhandlingane, eller er det saker som er framforhandla som er viktigare på vektskåla enn landbruket og auka matproduksjon?

Det er lenge sidan usikkerheita er så stor som nå.

1. Målsetting om eit aktivt landbruk over heile landet må stå fast!

Dette vil Rogaland Bondelag prioritera:

- Økonomien i mjølk - og kjøtproduksjon må betrast.
- Jordbruket må behalde effektivitetsgevinsten
- Ein auke i målprisen på fôrkorn må kompenseraast blant anna med prisnedskriving/ kvalitetstillegg.
- Ramevilkåra innan beitebruk må betrast
- Frakttilskot er avgjerande for landbruk i heile landet
- Rogaland Bondelag vil gå mot omfordeling av midlar.

2. Pris

Innanfor dagens WTO avtaleverk er det avgrensingar i bruken av målpris-systemet.

Storfe, egg og lam er tatt ut av målprissystemet og Nortura fastsett ein referansepris ut frå marknaden. Produkta er med i marknadsreguleringsordninga. Kyllingproduksjon er i dag ein produksjon som har avtale med mottakar/slakteri og er utanom marknadsreguleringsordninga.

I dag har vi målpris på følgjande produkt:

- Mjølk
- Gris
- Korn

Innspel på auke i målpris:

Mjølk:

Ku

Mjølkeproduksjon er den viktigaste produksjonen for aktivt landbruk i heile landet. Signala frå lokallaga er at denne produksjonen må løftast økonomisk.

Tine SA er marknadsregulator og har eit stort ansvar med å ta ut rett i pris i marknaden og at meieridrifta er optimal slik at målpris kan nåast. Eigarane må stille krav til effektiv drift og forventningane med fastsetting av målpris er og eit insitament/ krav til optimal drift.

Det er forventning om ein auke i målprisen på kumjølk på 20 øre pr liter.

Geit:

Forholdstalet på mjølkekvota for geitemjølker sett til 0.98.

Målpris på geitemjølk bør hevjast med 20 øre pr liter.

Svin:

Det er i dag eit stort overskot av grisekjøt. Pris til produsent er om lag kr 2,- under målpris og avgifta til omsetningsrådet / marknadsregulering er om lag kr 2,-, alt pr kilo. Økonomien i griseproduksjon er anstreng for svært mange produsentar. Det er viktig å få marknadsbalanse i næringa. Kraftførprisen har auka meir enn forutsett i førre avtale på grunn av høgare pris enn forventa på importerte kraftfôrråvarer.

Uendra målpris. Ein auke i kraftførprisen må dekkast inn gjennom prisnedskrivning

Korn:

Kornproduksjonen i Rogaland er låg og det er ein villa landbrukspolitikk. I fylket vert det meste av råstoffet til kraftfôrindustrien importert, enten frå andre regionar i landet, eller med import frå utlandet. Legitimeten for kraftfôr-krevjande produksjonar er høgt innslag av norske råstoff. Kornproduksjonen i Norge må aukast i dei område av landet som er best egna for kornproduksjon. Innretninga til produsentpris må i størst mogleg grad fremja god kvalitet på levert korn.

Kornproduksjonen gis eit løft på målpris som minst dekker auka kostnader.

3. Budsjettoverføringer

Det er stor usikkerhet omkring nivå på budsjettoverføringane føre årets jordbruksforhandlingar. Kven sin politikk vert ført, H - eller FrP politikk og kor stor påverknad har KrF og V?

Om storleiken på overføringane står fast, vil det verta omrokkeringar i distrikts - og strukturprofil?

• Tak på utbetaling av produksjonstilskot

Det er eit tak på årlig utbetaling av produksjonstilskot for husdyr på kr 280.000,-

For bruk med fleire produksjonar, kombinasjonsbruk, er det fleire som kjem opp i taket for utbetaling. Produksjonstilskot er ein viktig del av inntekta og grensa for årlig utbetaling av husdyrtilskot bør hevjast.



Bilde fra fotokonkurransen, sendt inn av Kjell Andreas.

• Prisnedskriving på korn

Om målpris på korn ska hevjast må det kompenserast med til dømes pristilskot. I egg - og svinenæringa er det i dag ikkje rom for ein auke i kraftfôrkostnadane.

• Beitetilskot

Auka matproduksjon på norske ressursar må vera ei målsetting. Store beiteressursar kan i dag nyttast betre, det gjeld både på utmarksbeite og innmarksbeite. Auka beitedrift kan ein nå ved fleire tiltak:

- Beitetilskot pr dyr
- Tilskot til organisert beitedrift for storfe og småfe.
- Omrekningsfaktoren for bruk av kulturgeite/innmarksbeite må hevjast frå 0,6 til 0,7.
- Reduser krav om minimum 16 veker beitetid i sone 1 – 4 til 12 veker beitetid.

I år med store nedbørsmengder kan ein ikkje av agronomiske grunnar/ grasstruktur ha dyra ute på beite i så lang tid samanhengande som 16 veker. Ut frå varsla klimaskifte vil år med store nedbørsmengder verta meir normalt enn unntaksvis. Krav om samanhengande beitetid bør reduserast til 12 veker i alle sonar.

• Frakttilskot

Frakttutjamning er eit avgjerande tiltak for utjamning av fraktkostnadane i landbruksforhandlingar. Desse midlane vert nytta målretta inn i distriktslandbruksforhandlingar som ein kostnadsreduserande faktor som alle aktive brukarar får ta del i.

- Ordninga med frakttilskot, inga næring unntake, må vidareutvi-

klast for å oppretthalda et landbruk i heile landet.

• Investeringsmidlar

- Investeringsbehovet er stort i landbruksforhandlingar. For å oppgradere bygningsmassen, spesielt innan mjølkeproduksjonen, er det behov for stor kapitaltilgang. Rama på investeringsverkemiddel som investeringstilskott og rentestøtte må aukast.

• Innretning av verkemiddel i forhold til struktur/utflating.

Det er gjennom fleire år utvikla et finmaska nett av verkemiddel som omfatte både store og mindre bruk. Det finns ingen region, ei heller i Rogaland, der det er avgjerande med strukturverkemiddel for å ta del i inntektsutviklinga i landbruksforhandlingar. Dei område i landet som sakke mest akterut på manglende strukturverkemiddel er familiebruk / mindre gardsbruk i sone 0, der det meste av inntektpotensialet er på pris. Kulturlandskapstilskotet får alle brukarar ta del i uavhengig av sonen.

• Innretning av verkemiddel i forhold til distrikt

Skal ein oppretthalda landbruksforhandlingar i heile landet er det avgjerande at ulike vekstvilkår, geografi og avstand til marknaden vert utlikna med målretta ramevilkår. I Rogaland er 57% av matproduksjonen i sentrale område (0 sona), men 43% av matproduksjonen er

i område med ramevilkår spesielt for distrikta. Skal matproduksjonen oppretthaldast på dagens nivå, eller aukast i takt med befolkningsteksten er eit landbruk i heile landet avgjerande. Rogaland Bondelag vil ikkje endre på dagens innretning i forhold til distrikt.

4. Forenkling

Dei store ordningane innan ramevilkår til landbruket som til dømes produksjonstilskot er ikkje kompliserte. Dei er målretta og treff målgruppa.

SMIL ordninga har ei rame på om lag kr 225 mill. Rogaland Bondelag meiner desse midlane skal gå til aktive bønder. For å søke om tilskot gjennom SMIL ordninga må søkeren levere søknad om produksjonstilskot eller eige areal som vert nytta til matproduksjon.

Landbrukspolitikken og verkemiddelbruken vert også påverka av internasjonale avtalar som til dømes WTO og EU/EØS. Alle endringar som er tenkt gjennomført må kvalitetssikrast opp mot internasjonalt regelverk i WTO systemet og andre aktuelle handelsavtalar.

5. Korn – og kraftfør

Norsk kornproduksjon er avgjerande for ein berekraftig matproduksjon på kraftførkrevjande dyreslag. Kornarealset har vorte redusert med om lag 380 tusen da sidan år 2000.

Rogaland Bondelag meiner kornproduksjonen i landet må hevjast, både på areal og avling. Som i andre produksjonar må det lønne seg å produsere korn med høg kvalitet. Kvalitetsbetaling må vidareutviklast. Innanfor storfe er det utvikla stimulerings – og kvalitetsbetaling som vert utbetalt i samband med slakteoppgradering. Denne ordninga bør ein sjå om kan utviklast i kornproduksjonen.

Ein auke i målpris på fôrkorn vil påverke innteninga til produsentar med kraftførkrevjande produksjonar. Auka fôrkostnader må dekkast inn med prisnedskrivning på korn.

6. Næringsutvikling og kapitaltilgang

Investeringsvirkemiddel.

Bedriftsretta midlar har ei rame på kr 528 mill.

Det er behov for store investeringar spesielt i mjølkesektoren. Det kjem av krav gjennom forskrift, som til dømes krav om lausdrift og nye teknologiske

lösningar som ikkje kan tilpassast i eldre driftsbygninga. Dette krev store investeringar i næringa. Rama for tildeiling av investeringsstøtte og rentestøtte som vert forvalta gjennom Innovasjon Norge må hevjast monaleg. Taket på kr 1. mill. i investeringsstøtte bør hevjast, maksgrensa på 30% av kostnadsoverslag bør behaldast.

I samband med investering i nybygg er det dei første driftsåra som er mest økonomisk kritiske. I dag vert rentestøtte fordelt over 15 år. Det bør vera mogleg å korta denne tida ned mot til dømes 7 år utan at det totale støttebelelopnet vert redusert.

Investeringstøtte og rentestøtte må ikkje gis til kraftførkrevjande produksjonar uansett marknadssituasjon.

Andre poster under LUF

(landbrukets utviklingsfond)

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) er ein stor pott på kr 225 mill.

Grøftetilskott ligg under SMIL ordninga, og bør vidareutviklast.

Deler av midlane kan omfordelast til investeringsstøtte / rentestøtte.

Rogaland Bondelag meiner SMIL midlane bør spissast på tiltak som bidreg til auka norsk matproduksjon.

7. Miljøverkemiddel

Regionale miljøprogram (RMP) har ei rame på kr 448,5 mill

RMP ordninga gjekk gjennom ei omfattande revidering i 2013 for samordning av eit nasjonalt menyval som skulle gi meir lik nasjon behandling og meir målbart på verkemiddelbruken. Ordninga vert forvalta regionalt i eit samarbeid med fylkesmann, fylkeskommune og faglaga.

Midlane kan i dag nyttast målretta på prioriterte miljøtiltak i landbruket, som frivillige avtalar knytt opp mot vassdirektivet, kulturlandslapspleie, drift av bratt areal osv. Rogaland Bondelag ønskjer at RMP ordninga innanfor dagens rame fortsett.

8. Økologisk landbruk

Etterspørsel etter økologisk produserte jordbruksprodukt skal dekkast opp med norskproduserte vare innanfor det som er naturleg å dyrka her til lands. Ekstrakostnadane med økologisk drift skal koma frå marknaden med høgare pris på levert vare.

9. Velferdsordningar

Ordningar for ferie og fritid, sjukdom

og svangerskap er viktige ordningar som bør utvidast i tråd med kostnadsutviklinga. Det er viktig at midlane i velferdsordningane er målretta på bruk. For å stimulere til rekruttering i landbruket er settet med velferdsordningar viktige.

Deltidsbonden vert hardt ramma dersom han/ho vert råka av sjukdom, regelverket i sjukelønsordninga må endrast. Ein kan i dag ikkje få utbetalt både avløysartilskott til sjukeavløsing og sjukepengar.

10. Erstatningsordningar

Rogaland Bondelag forutsett at brukarar som søker om erstatning innan naturskade, eller andre ordningar som skal fange opp skader på grunn av klima får individuell behandling ut frå opplysningsar fra brukar og kommune.

11. Kjøtt og egg

Egg

Det er overproduksjon av egg, for fleire produsentar er økonomien anstreng og spesielt for dei som nylig har investert i nytt bygg. Alle anlegg innan eggproduksjon tilfredsstille nå myndighetene sine krav til dyrevelferd. Innan denne produksjonen er det ikkje rom for nytablering.

Norskprodusert storfekjøt er det eit stort underskot av, det er forventningar om større prisuttak i marknaden på norskprodusert storfekjøt.

Nåverande kvalitetstillegg på storfeslakt som vert utbetalt over slakteoppgradering må vidareutviklast om ikkje prisen i marknaden kan hevjast.

For å auke produksjonen på ammeku må det vere krav om årlig kalving på ammeku for å ha rett på husdyrtilskot.

I dag vert kvalitetstillegg på lam utbetalt gjennom ordninga med produksjonstilskot. Det er ønske om at dette kvalitetstillegget vert utbetalt gjennom slakteoppgradering slik som for ordninga med kvalitetstillegg på storfe.

Store beiteressursar kan nyttast innan kjøtproduksjon, beiting hjå enkelprodusent og gjennom beitelag må forbetrastrast.

Gris

Det er overproduksjon av svinekjøt, avtalt målpris vert ikkje tatt ut i denne næringa. Store beløp går med til marknadsregulering som vert finansiert av produsentane gjennom omsetningsrådet. Ansvaret for marknadsbalanse er plassert i svinenæringa.

Svinenæringa tåler ikkje høgare fôrkostnader utan at dette vert dekka inn med prisnedskriving på fôrkorn.

Konsesjonsregelverket har svake område innan regulering av tal purker i ein besetning. Såkalla eingongspurker vert ikkje registrert, tal omsette smågris er ikkje omfatta av regelverket. Dette "holet" må utredast med siktet på ei betre styring av regelverket.

12. Grønsaker og potet

Styret viser til grøntutvalet sin uttale og vil støtta opp om den.

Grøntutvalet prioritere følgjande:

- Eit fortsatt sterkt tollvern er viktig for heile den grøne sektoren.
- Regelverket i import- og tollregimet må utnyttast til fordel for norsk produksjon av frukt og grønsaker.
- Krevje kontroll på at importvare vert klassifisert på rett varenummer.
- Auke i øvre prisgrense for agurk og tomat. Øvre prisgrense er i dag 12% over målpris, Grøntutvalet i Rogaland tilrår at denne grensa vert hevja til 20%.
- Det må setjast i verk tiltak som hindre import av grønsaker til dumping-prisar.
- Målprisen kan nyttast betre som styringsreiskap på fleire produkt, til dømes ein auke i målprisen god tid før jul til etter nyttår. Frå veke 49 til veke 5.
- Gartnarar/bruk som hentar hovudelen av inntekta si frå produksjonen må prioriterast.
- Hevje øvre grense for arealtilskot

13. Mjølk

Rogaland Bondelag meiner det må vera mjølkeproduksjon i heile landet.

Økonomien i mjølkeproduksjonen må betrast.

Rogaland Bondelag går inn for fortsatt kvoteordning for mjølk med dagens områdedeling på fylkesnivå for kjøp, sal og leige / uteleige av kvote. Sal på deler ei mjølkekvote må ikkje godkjennast.

Rogaland Bondelag ønskjer ei harmonisering av ramevilkåra mellom enkeltmannsføretak og samdrifter. (like ramevilkår uansett organisering)

På grunn av dyrevelferd og tilsyn bør ein på samarbeid innan mjølkeproduksjon behalde avstandregelverket på 17 km.

Regelverket om avgrensing på tal deltakarar i ei samdrift bør opphevest.

Fylkeslaget vil ha eit kvotetak på 750 tusen liter på føretak uansett organisering.



Illustrasjonsfoto. Foto: Bondevennen

14. Skatt og avgift

Skatt

Endringar i jordbruksfrådraget bør ikkje prioriterast i årets forhandlingar. Fylkeslaget vil prioritere inntekt. Dei fleste nyetablerte i næringa har stor gjeldsbyrde, stor avskrivningar og vil difor ikkje kome opp i inntekt som gjer at jordbruksfrådraget kan nyttast fullt ut.

Fond

Det bør etablerast investeringsfond for landbruket. Midlar frå eit slikt investeringsfond bør kunna nyttast til kjøp av tilleggsjord, nybygg, renovering av landbruksbygg og tekniske installasjoner i bygg.

I samband med sal av jord til andre formål enn landbruk, enten ved frivillig sal eller ekspropriasjon, bør salssummen kunne gå inn i ei skattefri fondsordning for seinare investering i landbruket på jord og bygningar.

Det bør etablerast ei spareordning med skattelette for ungdom som ønskjer å kjøpe gard. Bustadsparing for ungdom er ei etablert ordning som kan vidareutviklast.

15. Anna

Energi

I landbruket finns det store ressursar innan bioenergi, med bakgrunn i råstoff frå tremasse og husdyrgjødsel. Innanfor dagens ramevilkår for investeringsstøtte og med låg energipris er det ikkje forsvarleg å investere i anlegg for produksjon av energi. Det bør etablerast eit støtteregime for redusert utslepp av CO₂ og redusert utslepp av klimagassar frå landbruket.

Rekruttering

Lønnsemnda i landbruket er avgjerande for mange som vel bort landbruket. Gode velferdsordningar, investeringsstøtte og sterke familjø er faktorar som vil vera avgjerande for rekruttering. Det bør innførast ein startpakke for nyetablerte bønder. Kapitalbehovet er stort og ein må i fleire høve vente eit år og lengre før ulike tilskotsordningar vert utbetalt.

Kompetanse

Rogaland Bondelag ønskjer krav om kompetansebevis for kjøp av landbruksjord og for å produsera mat.

Aksjonar i samband med brotet i jordbruksforhandlingane

Brotet i jordbruksforhandlingane vart kjent ut på ettermiddagen den 13. mai. Det var eit samstemt forhandlingsutval for landbruket, Bondelaget og småbrukarlaget, som ikkje såg nokon grunn til å fortsetja forhandlingane. Det var ut frå tilbod frå staten og politiske signal på kor langt staten ville strekkja seg i auka budsjettmidlar.

Når brotet vart kjent reagerte lokallag i alle regionane i fylket. Det var med brenning av bål, traktorkolonnar, lokale blokadar av både kantine for politikrar, reinseanlegg for kloakk og utdeling av informasjonsmateriell. I Nord – fylket var det samla nær 100 tralטורar/ firrambilars som kjørte til NAV kontoret i Sandeid for å melda seg som arbeidsøkande.

Aksjonane fekk stor merksemd i media, ingen kritiske innslag verken i avis eller radio/tv. Det var merksemd både i lokal- regional- og riksmedia. Å oppstre i media kan vera krevjande, personar i lokallaga gjorde eit godt arbeid.

Norges Bondelag og fylkeslaga sin hovudsakjon i fylka var hamstring av egg i butikk og blokade av anlegg som leverte ut egg. Av ulike grunnar fekk ikkje varsel om blokade av utkjøring av egg til butikk den effekten som var forventa. Liten hamstringseffekt.

Fylkeslaget hadde blokade på tre anlegg i fylket. Det var Nortura sitt anlegg i Hå, Jæregg sitt anlegg på Klepp og Johs. Meling sitt anlegg i Stavanger. Eit mindre anlegg i Sandnes vart ikkje blokkert. Vi fekk god dekning i media med blokadane. Det var folk frå lokallaga som stod blokadevakt på dei ulike anlegg. Aksjonen varte i om lag 27 timer.

Det vart planlagt traktorkolonne i Stavanger, men denne blei avlyst da det vart mange traktorkolonnar elles i fylket, og vi frykta å overbruke denne aksjonsforma.

Nasjonal aksjon var demonstrasjon i Oslo, med opptog frå Bondelagskvartalet til Stortinget. Frå Rogaland deltok om lag 150 personar i opptoget. Totalt var det 5–6 tusen som deltok i markeringa.



Traktor og vardebrenning.



Blokade hjå Meling.



Demonstrasjontog i Oslo.

Gårdsbesøk hos Lisa Breiland

Lisa Breiland, styremedlem i Rogaland Bondelag, fikk i februar besøk av Helge Thorheim og Roy Steffensen som er stortingsrepresentanter for Frp, samt Finnøy-ordfører Gro Skartveit. Grunnen til at de ble invitert hjem på Gårdsbesøk er at styret i Rogaland Bondelag hadde diskutert hvordan de kan holde god kontakt med "Rogalandsbenken" på Stortinget.

Lisa ønsket å vise stortingsrepresentantene at bønder ikke er en gjeng med museumsarbeidere med sugerøret ned i statskassa, men en viktig næring. Dersom vi skal oppnå målet med økt selvforsyning, må det stimuleres til økt produksjon!

Det var en veldig fin dag, med mange gode spørsmål og diskusjoner.



Stortingsrepresentant Roy Steffensen har godt handlag med hønene.

Jordvernaksjon på Frøyland

Om lag hundre demonstranter møtte opp da Rogaland og Time Bondelag aksjonerte onsdag 1. oktober mot nedbyggingen av 350 dekar god jord på Frøyland i Time kommune.

Saken om nedbygging på Frøyland ble anket til kommunaldepartementet, som sammen med landbruks- og miljø-departementene, Fylkesmannen i Rogaland, fylkesordfører Janne Johansen. Rogaland og ordføreren i Time kommune sendte rådgivere på befaring av marken. Bonden Jostein Frøyland og Einar Frogner fra Norges Bondelag fikk anledning til å tale til utsendingene.

Det var et godt oppmøtte, og det ble holdt appell av Ola Andreas Byrkjedal, leder i Rogaland Bondelag, Einar Frogner fra Norges Bondelag, Natalia Tyse, leder i Rogaland Natur og Ungdom og Ingve Berntsen fra Senterungdommen.

09.01.2015 fattet Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtak i saka. Mat- og landbruksdepartementet hadde i sin utale anbefalt å frigi til utbygging hos de grunneierne som var positiv til omdisponering. Disse areala er på ca 60 da. Godt 300 da ble tatt ut av planen og lagt til matjord.



Gode parkeringsvakter på Frøyland.

Landbruksdag i Vindafjord

Fredag 14. februar hadde bondelaga i Vindafjord besøk av stortingsrepresentantene Helge Thorheim (frp) og Arve Kambe (H). Dagen startet med frokostmøte på fjøsloftet hos Kari og Jan Idar Haugen i Skjold. Rogaland bondelag og Vindafjord Høyre var arrangør sammen med Tveit regnskap, Vindafjordbonden og samstyret for bondelaga i Vindafjord. Landbruk i heile landet og lønnsomhet i produksjonen var sentrale tema ved besøket.

På programmet stod også gårdsbesøk hos Severin Fatland i Vats som driver med melkekyr, sau og gris. Etterpå ble det besøk hos Johannes og Marianne Vestbø i Sandeid som driv med melk, sau, gris og verpehøns. Det ble også en prat med en av eierne i transportbedriften Hustveit Skeie. Bedriften har 30 vogntog og 40 tilsatte som kun transporterer landbruksprodukt. Dagen ble



avsluttet hos Fatland Ølen. Konsernsjef i Fatland og styreleder i KLF, Leiv Malvin Knutsen sa at et aktivt importvern, ei velfungerende markedsordning og gode rammebetingelser i primærleddet

vil være heilt avgjørende for framtida til foredlingsindustrien.

Både bønder og stortingspolitikere var fornøyd med dagen.

Jordvernskonferansen – i ord og handling

Over 70 deltakere møtte opp på Sola Kulturhus 9. oktober for å delta på konferansen ”Jordvern i ord og handling”.

Konferansen var Rogaland Bondelags bidrag til å sette jordvern på dagsorden. I en verden med økende befolkning og minkende evne til matproduksjon, er jordvern ikke bare en bondesak (sak som omhandler bonden). Deltakerne på konferansen hadde varierte bakgrunner, og demonstrerte tydelig at temaet engasjerer utover jordbruket.

Det ble holdt gode innlegg av fagpersoner og politikere; Ola Hedstein, direktør i Norsk landbruksvirke, Geir Pollestad, Stortingsrepresentant for Senterpartiet og leder i Næringskomiteen, Pål Morten Borgli, fungerende ordfører i Sandnes og Elin Schanche, gruppeleder Rogaland Høyre holdt innlegg. Også Per Thorbjørnsen, Arne Bergsvåg, gruppeleder Rogaland Senterparti, Dag Jørund Lønning, professor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling og Per Kåre Foss holdt gode innlegg på konferansen.

Alle politikerne snakket varmt om jordvern og norsk matproduksjon, men



Konferansens innleggsholdere. Pål Morten Borgli, Elin Schanche, Per Thorbjørnsen, Ola Hedstein, Dag Jørund Lønning, Ola Andreas Byrkjedal, og Geir Pollestad.

var uenige om hvordan vi skal håndtere arealkonfliktene i fremtiden. Sentrale tema var faste grenser i arealplanlegging, kommunenesammenslåing, jorddeponi og nasjonale regler for jordvern.

Politikerne har nå fått uttale seg om jordvern. Nå gjenstår handling.

Aksjonsdag på Kvadrat

Rogaland Bondelag deltok i Norges Bondelags aksjonsdag den 10. april. Aksjonsdagen er en positiv aksjon i forbindelse med oppstarten av jordbruksforhandlingene, hvor vi forsøker å bevisstgjør folket om viktigheten i å ha et norsk jordbruk. Styret og ansatte fra kontoret sto på stand på Kvadrat, hvor det ble delt ut chips lagd av norske poteter og brosjyrer om norsk jordbruk til publikum på kjøpesenteret. Det ble flere gode samtaler med publikum ved standen, hvor vi fikk informert om hvorfor vi trenger bonden og norsk matproduksjon.

Jonny Engelsvoll ble under aksjonen utnevnt til Bondevenn for hans arbeid med musikkvideoen "Kæ seie bonden?", som han har regissert og produsert. Det hele ble dekket av lokalmedia.



Johnny Engelsvoll ble utnevnt til bondevenn av styret. Fra venstre: Sonja Herikstad, Marianne Osmundsen Bø, Lisa Breiland, Johnny Engelsvold, Kjell Andreas Heskestad.

Forskrifter om produksjonstilskot og avløysartilskot

Rogaland Bondelag hadde følgjande merknader på forslag til endringer i dei sakene som er på høyring ang revideering av forskriften om produksjonstilskot og avløysartilskot, som er gjeldande fra 1.januar 2015: Forskriftene om produksjonstilskot og avløysartilskot § 7 har eit utruleg vanskeleg språk. Her er det rom for feiltolkingar. Paragrafen må få eit klarere språk slik at det ikkje vert grunnlag for feiltolkingar. Slik som det er utforma i dag har både forvaltning og søker store utfordringar med tolking av forskrifta til § 7.

Det bør være moglegheit for bruker på førehand å få avklaring på om eit samarbeidet kjem inn under driftsfellesskap som medføre avkorting av tilskot. Det må også vera mogen å søke om dispensasjon i særskilde høve om samarbeidet kjem inn under driftsfellesskap som medføre avkorting av tilskot.

Styret ber Noregs Bondelag ta opp §3 i forskrifta:

Tilskot til husdyrhald i § 3, - dyr på beite, som har eit beitekrav på 16 veker i sone 1 – 4, og eit beitekrav på 12 veker i dei andre sonene. Rogaland Bondelag tilrår eit

krav på 12 veker for heile landet. Styret viser til beitesesongen 2013 med store nedbørsmengder som gav utfordringar med skader på beite med beitetråkk, utfordrande dyrevelferd med mykje gjørme og varierande avlingsmengde. Med den erfaring som vart gjort i beitesesongen 2013 kan beitekravet på 16 veker vera vanskelig å oppfylla. Norges Bondelag bør spele denne utfordringa vidare inn i høyringssvaret.

Endringane som vert foreslått var:

- Oppheving av krav om at føretaket må vera registrert i m.v.a registeret eller hatt avg. pliktig omsetting på min. kr 20 000,-.
- Avvikling av særregelverk for samdrifter.
- Oppheving av formelle eigarinteresser som sjølvstendig grunnlag for å kunna avskjera tilskot.
- Endra produksjonskrav for føretak med amme- og mjølkekyr.
- Endra vilkår for tilskot til avløsing ved ferie og fritid.
- Avvikle forskrift om miljøplan og innlemme krav om gjødslingsplan og plantemiddeljournal i forskrift for produksjonstilskot.

- Fjerne grunnvilkår om tilknyting til landbrukseigedom
- Presisering om "vanleg jordbruksproduksjon"
- Driftsfellesskap (presisering, endring av ordlyd)
Det vert opna for kjøp av avløystilskotester frå andre føretak enn avløystilskotlag.

Detaljerte reglar korleis avløysartilskot skal fordelast ved verksemどoverdraging vert tatt bort.

Ved for sein levering av søknad skal ikkje reguleringa verta knytt opp mot verkedagar, men dagar.

HØYRING

Regionalt tiltaksprogram for Vassregion Rogaland 2016 – 2021

EU parlamentet har utarbeida eit direktiv om etablering av ei felles rame for vasspolitikk i EU, og er eit av EU sitt mest omfattande og ærgjerrige miljødirektiv. Vassdirektivet har eit generelt mål at alle vassførekomstar minst skal oppretthalda eller oppnå ”god standard” ut frå visse kriterium. Norge har forplikta oss i EØS avtalen å følgje EU sine direktiv, reservasjonsretten er ikkje nytta. Korleis landa organisere arbeidet med innføringa og oppfølginga av vassdirektivet variere frå land til land.

Dei næringane med mest påverknad på våre vassdrag og nære kystlinjer er:

- Avløpssektoren, kloakkutslepp.
- Landbrukssektoren
- Havbrukssektoren.

Organisering av arbeidet:

Klima og Miljødepartementet er ansvarleg departement for gjennomføring av vassdirektivet. Det er utarbeida ei eigen forskrift, vassforskrifta, for gjennomføring av vassdirektivet.

Landet er delt inn i 11 regionar, og Rogaland fylke med avgrensa deler av Vest Agder og Hordaland er ein vass-region.

Rogaland Fylkeskommune er regionmyndigheit, dvs. ansvarleg for gjennomføring og samordning av planprosessen.

Vassdirektivet er sektorovergripande. I vårt land har kvar enkelt sektor i samfunnet ansvar for sitt virke, også innafor forureining. Det vil sei kommunar, fylkeskommune, vegvesen, Mattilsynet, Kystverket, fiskeridirektoratet, fylkesmannen med miljø- og landbruksavd og NVE er dei viktigaste sektorane som vert involvert i arbeidet.

Det er lagt sterke føringar gjennom vassforskrifta korleis arbeidet skal organiserast.

Landbruket gjer ein stor miljøinnsats.

Jordbruk påverke den økologiske tilstanden i vassførekomstane ved tilførsel av jordpartiklar, næringsstoff og or-

ganisk materiale. Dette bidrar til auka algevekst, gjengroing og redusert oksygennivå. I tillegg bidrar bruk av plantevernmiddele til kjemisk ureining.

Landbruksnæringa har både sentralt og lokalt i lang tid lagt ned betydelig innsats for å redusera avrenninga av næringsstoff til vassdraga. Etter at forureningslova kom i 1983 vart det sett i verk eit omfattande arbeid for å få slutt på avrenning frå punktutslepp som siloshaft, sigevatn frå husdyrgjødsellager og halmflutningsanlegg. Med store investeringar i nye anlegg og oppgradering av utstyr har jordbruket tilpassa seg desse miljøkrava.

Samtidig er jordbruket avhengig av god vasskvalitet for å produsere rein og sunn mat. Rent vatn er nødvendig som drikkevatn til folk og dyr. Ved jordvanning er reint vatn nødvendig for å sikre høg kvalitet på varer og produkt.

Vi må likevel slå fast at det ikkje er mogleg å produsere mat utan at det skjer tap av næringsstoff, men vårt mål er å redusere avrenninga til akseptable nivå.



På 2000 talet vart det sett fokus på avrenning av næringssstoff frå dyrka mark. Det vart utarbeida gjødselnormer for balansert gjødsling, dvs ein tilføre like mykje gjødsel/næringsstoff som plantene tar opp i løpet av vekstsesongen. Bruk av fosfor i handelsgjødsel er meir enn halvert sidan 1980. Bruk av plantevernmiddele er redusert betydeleg i same tidsrom. Med forskrifter og vilkår knytt til utbetaling av produksjons-tilskot har miljøkrava for jordbruksdrift vorte ytterligare innskjerpa de seinare åra.

Landbruksnæringen har utvikla sitt eige kvalitetssystem i landbruket – KSL. Kvalitetssystemet bygge på krav i lov og forskrifter som vert stilt til matproduksjon, dyrevelferd, miljøomsyn og arbeidsmiljø, men også krav som landbruksnæringa sjølve har definert. Heile 95 % av all matproduksjon skjer på gardar som har KSL.

Regionalt miljøprogram (RMP) og Spesielle miljøtiltak i jordbruket

(SMIL) er tilskottssordningar som jordbruksavtalepartane har forhandla fram. Desse ordningane gir ei målretting av miljøinnsatsen på fylkesnivå og kommunenivå. Det vert gitt tilskott til tiltak i jordbruket over disse ordningane for å redusere av renninga til vassdraga. Dette skal blant anna kompensera for reduserte avlinger og andre driftsulemper ved meir miljøvenlig drift.

Klassifisering i Vassområda:

For å få oversikt på miljøstandard i vassdraga vart alle vassdrag klassifisert. Vassdragas vasskvalitet varierar frå svært dårlig til svært god. Dei vassdraga med moderat-, dårlig- og svært dårlig miljøstandard må det utarbeidas tiltak på for å få minst god miljøstandard.

For å klassifisera vassdrag og identifisera moglege kjelder for uønska påverknad må det føretas grundige undersøkingar av vassdraga. Det er vassområde Jæren som har best kvalitet på

klassifisering av vassdraga, og som kan legge grunnlag for tiltaksplanar der det er behov. Dei andre vassområda i regionen må kartleggjast betre innan økologisk, fysiologisk og kjemisk miljøstandard. For å utarbeide moglege tiltaksplanar må kjeldene til uønska påverknad identifiserast.

Oversikt på klassifisering i Vassregion Rogaland:

Tilstand	Antall	Prosent
Svært god	12	0,9
Antatt svært god	27	2,1
God	29	2,3
Antatt god	401	31,3
Moderat	32	2,5
Antatt moderat	453	35,3
Dårlig	21	1,6
Antatt dårlig	204	15,9
Svært dårlig	3	0,2
Antatt svært dårlig	37	2,9
Udefinert	0	0
Uklassifisert	59	4,6

Rogaland Bondelag tilrar at ein bygge vidare på eksisterande tiltak:

Det er viktig at landbruksnæringa vert involvert når lokale tiltaksplanar skal utarbeidas. Tiltak som vert i verk skal vera fagleg forankra. Økonomiske konsekvensar for landbruksnæringa og konsekvensar for matproduksjonen skal føreligge før tiltak vert sett i verk.

- Informasjons - og motivasjonstiltak i landbrukssektoren
- Frivillige tiltak i landbruket, eit prosjekt med tilsette i område der avrenning frå landbruket er eit avklart problem for miljøtilstanden i vassdraga. Bekkelagsorganisering kan vera fornuftig.
- Bekkelag/grunneigarar må involverast i utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar.
- Bygge renseparkar der forholda ligg til rette for slike anlegg. Må følgjast opp med uttak av botnslam.
- Uvjødsla kantsoner langs vassdrag. Bredde på sone ut frå produksjon.
- Kantsoner med vegetasjon, trær og busk, langs vassdrag.
- Miljøavtalar.
 - Ikkje spreiling av husdyrgjødsel etter 1. september.
 - Regelmessige jordprøve.
 - Fastsetje innhald av næringsinnhald i husdyrgjødsel på garden.

- Ikkje over 3kg P årleg pr da ved PHA-L tal over 7, balansegjødsling.
- Andre lokale ordningar.
- God agronomi, kompetansebygging.
- Finansiering med midlar frå RMP og SMIL ordninga.
- Kunnskapsbygging
 - Kartlegging av landbruksavrenning.
 - Effekt av tiltak.
- Andre forhold som må innarbeidas i plandokumenta:
 - Matproduksjon er ei samfunnsoppgåve. Det er ikkje mogleg å produsera mat utan at det skjer tap av næringssstoffa, men vårt mål er å redusere avrenninga til akseptable nivå.
 - Konsekvensar for matproduksjon i for hold til tiltak og måloppnåing må utgreia i samband med utarbeiding av tiltaksplanar.
 - Sterkt næringssbelasta vassdrag må få frist til andre eller tredje planperiode for måloppnåing. Det ut frå kunnskap om dagens næringssbelastning og botnsedimentering frå tidligare næringssstoffutslepp.
- Sterkt modifiserte vassdrag. Det er vassdrag med fysiske inngrep. Vasskraft kjem inn i denne kategorien. For landbruket må vassdrag som er lagt i røyr eller steinsette koma inn under denne kategorien. God økologisk tilstand på vatnet må ein kunne forventa oppnå i siste planperiode.
- Det er utarbeida nasjonale parameter for klassifisering av vassdrag. I vassdrag med høg næringssbelastning, og ein ser at for å oppnå god miljøstandar vil gje store uønska resultat, bør ein akseptere lågare krav til god miljøstandard enn det som nasjonale kriteria tilseie i dag.
- Det må løvvast midlar til overvaking av vassdrag for å kvalitetssikre tiltak og måloppnåing i vassdrag med tiltak.
- Det må løvvast midlar til fagleg god/rett klassifisering av vassdrag
- Tiltak og føresegner må vera i bakgrunn i jordlova § 11. Dispensasjon i forureiningslova §8 for vanleg forureining frå landbruk, skog og fiske må liggas fast.

Krav om oppstalling av storfe

Båsfjøs bygd før 1994 utfases før 1. januar 2024

Ved omfattande restaurering av båsfjøs slo kravet om lausdrift inn. Frå 22. april 2004 vart det innført krav om lausdrift for alle nybygde fjøs. Båsfjøs bygd før 1. januar 1995 har fått krav om overgang til lausdrift innan 1. jan 2024. Båsfjøs bygd mellom 1. januar 1995 og 22. april 2004 har krav om overgang til lausdrift innan 1. januar 2034.

Det er ut frå diskusjon om dyrevelferd krav om lausdrift vart innført. Vi er samde om at lausdrift er best for mjølkekryr og anna storfe. I utarbeidinga av regelverket er det tatt omsyn til eksisterande båsfjøs, med fristar innan 2024 eller 2034. Dei aller fleste båsfjøsa er bygde før 1. jan 1995 og vil difor koma inn under regelen om 2024.

Styret i Rogaland Bondelag ba om at Norges Bondelag skulle ta opp saken som gjaldt kravet til overgangen frå båsfjøs til lausdrift om å verta oppheva. År 2024 kan få store konsekvensar for mange mjølkeprodusentar her i landet. Mjølkeproduksjonen, spesielt i distriktsnoreg kan verta skadelidande, pga førtilgang, strukturlemper og man-

glande kapitaltilgang. Styret i Rogaland Bondelag ber Norges Bondelag utarbeide strategi om korleis ein kan møta desse utfordringane. .

Frå fleire medlemmar har vi fått følgjande utsegn om saken:

- Dette er ikkje ein dato du har fått for å byggja nytt fjøs, men ein dato når tid du skal gje deg som mjølkeprodusent.

Tidligare var det ikkje krav om overgang til lausdrift i økologisk mjølkeproduksjon dersom du hadde mindre enn 35 mjølkekryr. Det ville sei at det var strengare krav om overgang til lausdrift i konvensjonell drift enn i økologisk drift. Denne regelen er tatt bort.

Regelen om krav til lausdrift ved omfattande restaurering av båsfjøs er tatt bort. Det vil sei at ein i dag kan vedlikehalda båsfjøs ut frå behov. Dersom ein vel å byggja på eit båsfjøs er det krav om lausdrift på påbygd areal.

Kva kan dette bety for mjølkeproduksjonen i landet og i Rogaland?

Den totale mjølkeproduksjonen i Norge ligg på om lag 1500 mill tonn.

I desember 2013 var det om lag 9 800 mjølkeprodusentar, 2000 av disse hadde lausdrift og 7800 hadde båsfjøs. Dei aller fleste båsfjøsa er bygd før 1. jan 1995 og må fasast ut før 1. jan 20024.

Moglege konsekvensar for Rogaland:

Viss vi reknar med at 50% av produsentane sluttar som mjølkeprodusentar sitt vi att med om lag 3 900 båsfjøs som må fasast ut før 1. jan 2024 og må da ha ferdig lausdriftsfjøs. Det betyr 30 – 35 nye lausdriftsfjøs kvar månad året rundt i 10 år.

Rogaland har om lag 1380 føretak med mjølkeproduksjon. Om vi anslår at om lag 600 av dei føretaka har lausdriftsfjøs, sit ein igjen med 780 båsfjøs. Om vi då igjen redusere det med 50%

på grunn av strukturrasjonalisering sit ein igjen med om lag 400 båsfjøs i fylket og som må fasast ut. Det betyr 40 nye lausdriftsfjøs årleg i ti år, eller om lag 4 nye fjøs kvar månad året rundt i 10 år.

Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE VIKSE, HAUGLAND, BERGE OG BACHMANN

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESSKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov, tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.), arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett, gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.

Advokat Bjørn O. Vikse

Tlf.: 52 70 87 50
Mobil: 950 42 999
vikse@advokateneimarkedet.no

Advokat Jens Otto Haugland
Møterett for Høyesterett

Tlf.: 52 70 87 55
Mobil: 901 24 723
haugland@advokateneimarkedet.no

Advokat Ole Johan Berge

Tlf.: 52 70 87 60
Mobil: 917 96 357
berge@advokateneimarkedet.no

Advokat Trond Jarle Bachmann

Tlf.: 52 70 87 57
Mobil: 916 77 877
bachmann@advokateneimarkedet.no



Vinterlandbrukskulen
på Jæren

KUNNSKAP, INSPIRASJON OG FRAMTIDSTRU TIL LANDBRUKSNÆRINGA

Modulbasert agronom-
utdanning for vaksne på
kveldstid

- Plante- og husdyrfag
- Utmark og kulturlandskap
- Gardsdrift
- Økonomi og driftsleiing
- Traktor og maskinar

Søknadsskjema og meir info
på vår heimeside

www.vlj.no




RYGER
ADVOKATFIRMA

Spør oss - vi kan landbruk!

Kontaktpersoner:

Advokat Paul Aakre (paul.aakre@ryger.no)
Advokat Gunnar Stokke (gunnar.stokke@ryger.no)

Les mer på www.ryger.no
Telefon 51 91 75 00



Landbruksbygg

I stål, tre, sandwich eller
betongelementer



Gjødselkummer

Størrelser fra
590 - 4000 m³

Vi tilbyr fleksible løsninger i materialvalg og sammensetninger som tilpasses til dine ønsker og behov.

Vi har systemer som er meget rasjonelle, enkle og prisgunstige, og vi kan levere byggesett etter ønske (til f.eks. maskinhus, lagerbygg).

Ta kontakt for mer informasjon og pristilbud.

GRUDE
LANDBRUKSBYGG

Bedriftsveien 35, 4353 Klepp Stasjon.
Tlf. 918 71 505, epost: post@grudebygg.no
www.grudebygg.no



Profesjonell rådgiving tilpasset dine behov

Som bedriftsleder er det viktige å ta riktige beslutninger og lønnsomme valg. TINE Rådgiving vil være din kompetansepartner med objektive, tverrfaglige og spisskompetente råd.

medlem.tine.no / medlemstelefon 51 37 15 00

Gjør det en
realitet

Haver Advokatfirma Ans

Haver har gjennom en årrekke vært den mest sentrale juridiske rådgiver for landbruksnæringen i jærregionen med kontorer på Bryne og i Stavanger. Våre advokater har bred erfaring og inngående kjennskap til landbruksnæringen, og bistår både gårdbrukere, næringsmiddelindustrien, landbrukssamvirker og -organisasjoner, samt matvarehandelsbedrifter.

Vi har omfattende erfaring knyttet til generasjonsskifter i landbruket, odelsrett, grunnerverv, ekspropriasjonssaker, skjønn, jordskifte og enkeltvister for landbruksklienter.

Ta kontakt med Endre Skjørestad (e.skjorestad@haver.no) eller Sindre Oftedal (s.oftedal@haver.no) så er du på den sikre siden.

haver.no – Forum: 51 55 44 10 – Bryne: 51 77 00 50

haver—



Mye er likt, men ikke alt



Målsettingen hos oss og våre konkurrenter er den samme. Best mulig økonomi til eierne. I Nortura er det bonden som er eier.



Foto: Rune Bendiksen / Studio B13

100 år med sunt bankvett | 1915 1915 2015

Ny rente
driftskreditt:
3,65%

Bankmøte hos deg?



DISTRIKTSSJEF ROGALAND
Peder Skåre

Tlf 911 01 528
peder.skare@landkredittbank.no

Vi feirer 100 år, og setter ned renten på driftskreditt

I hundre år har vi finansiert norsk landbruk, og dette feirer vi med et kraftig kutt i driftskreditrenten.
Les mer på Landkredittbank.no/driftskreditt eller snakk med oss på 815 52 245.


Landkreditt Bank
Sunt bankvett

coop
Norge

Organisasjonssaker

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2014 – 2015.....	26
Distriktsmøtene våren 2014	28
Distriktsmøtene høsten 2014	28
Ledermøte	29
Årsmøta i lokallaga	30
Årsmøte i Norges Bondelag.....	30
Aktive lokallasmidler	31
Bondevennkampanjen	31

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2014 – 2015

Arbeidsplanen byggjer på strategi-planen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen:

Eit levande landbruk

Arbeidsområda styret til Rogaland Bondelag vil prioritera:

Ramevilkåra for landbruket, styrke inntektsutviklinga og sikre rekryttering til næringa

- Engasjera lokallaga og oppmoda til å gje uttale på saker som påverkar bondens inntekt og drift.
- Delta i utvikling og tilrettelegging med kompetanseheving for heila landbruket

- Oppfølging av regionalplan for landbruk i Rogaland
- Arbeida aktivt ang. revideringa av gjødselsforskriftene, spreiearealkravet og innføring av vassdirektivet i fylket
- Ha møte med Rogalandsbenken, enkelt representantar på stortinget og sentrale fylkespolitikarar

Areal og ressursforvaltning

- Følgje med jordvernssituasjonen i kommunane
- Tilby kompetanse til lokallaga innan planarbeid i kommunane

Delta i samfunnsdebatten – følgje opp info-strategien

- Synleggjer bondens verdiskaping
- Delta på møte i lokallag, ta opp aktuelle saker frå lokallaga for vidare behandling i Norges Bondelag og andre.
- Følgja opp kontakten med stortingsbenken og fylkespolitikarar og delta på møte der representantar frå leiane næringorganisasjonar møtes og ha god kontakt med media.
- Skaffe seg kunnskap og kunne delta aktivt på møte der ramevilkåra for landbruket vart drøfta.
- Ta del i arbeidet med utvikling av bio-gassanlegg i Rogaland

Andre tiltak knytte opp til måla i strategiplanen:

Våre medlemmer

- Ta vare på medlemmer ein alt har og ha fokus på verving av bønder med produksjon, marknadsføra unge bønder-pakken og følgja desse spesielt opp.
- Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemmer og som tillitsvalde i organisasjonen




Illustrasjonsfoto. Foto: Bondevennen

- Vere meir synlege og aktive
- Ta vare på samhaldet og solidariteten i organisasjonen og innan næringa

Lokallaga

- Følgja opp innhaldet i tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga
- Hjelpa til med opplegg lokallaga kan nyta i møte med lokale politikarar og andre i sitt nærmiljø
- Motivera lokallaga til å bidra med stoff til fylkeslaget si heimeside.
- Gå aktivt ut med kurstilbod til tillitsvalde og stimulera dei til å delta
- Motivera til å etablera fellesstyre mellom lokallag i ein kommune og stimulera til samarbeid mellom lokallag innan regionane i fylket
- Styret skal i løpet av arbeidsåret ha to kontaktrundar med leiarane i lokallaga og vera bevisste på lokallaga sine ynskjer og utfordringar
- Oppmoda lokallaga til å pleia kontakten med lokalpolitikarane og næarringsavdelingane i kommunen, og söke medlemsskap i lokale næringsforeiningar
- Oppmoda lokallaga til støtta opp om bygdeungdomslaget
- Hjelpa lokallaga til å gjennomföra Open Gard og arbeida for at det vert Open Gardarrangement fordelt over heile fylket



Næringspolitikk

- Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag
- Følgja opp saker som kjem frå enkeltmedlemmer og lokallaga
- Gjennomföra tiltak som vert lagt opp frå Norges Bondelag si side
- Delta på ulike næringskonferansar i fylket

Nettverksbygging

- Gjennomföra tiltak i samband med Den Grøne Skulen
- Oppretthalda kontakten med hjelpeprosjektet i Sambolabo i Kamerun. (U - hjelpsutvalet),
- Gjennomföra kurs for kokkeelevar på vidaregåande skular i fylket
- Delta i partnarskapet i NCE (Norwegian Centres for Expertise) - Nasjonalt senter for utvikling og vekst innanfor matindustriell forsking - og gjera det betre kjent hjå medlemmane, og andre aktivitetar som er på Måltidets Hus.
- Støtta opp om Nei til EU .

Nye satsingsområde - landbruksbasert næringssutvikling

- Arbeida vidare med tilleggsnæringar og annan landbruksbasert næringssutvikling
- Følgja opp strategiplanen for Økologisk landbruksproduksjon i Rogaland

- Gjennomföra styresamling saman med dei tilsette.

Arealforvaltning

- Hjelpa til og oppfordra lokallaga til engasjement i plan- og reguleringssaker på kommunenivå
- Bistå lokallaga i ulike vernesaker som kjem opp til behandling

Samarbeidet mellom styret og administrasjonen

- Foreta evaluering av arbeidsmåten og arbeidssituasjon i styret
- Gi tid under styremøta til næringsspolitiske diskusjonar og innspel på saker det bør arbeidas vidare med

Distriktsmøtene våren 2014

Tirsdag 21.januar ble distriktsmøte for Nord-Rogaland avholdt i Aksdal. De 27 oppmøtte kom i hovedsak fra nordfylkets lokallag, i tillegg til fylkesleder Ola Andreas Byrkjedal og fire medlemmer av styret i Rogaland Bondelag. Fra Østlandet kom Brita Skallerud, nestleder i Norges Bondelag og medlem av forhandlingsutvalget.

Brita Skallerud holdt et innlegg om Norges Bondelags syn på de politiske utfordringene som jordbruksnæringen og organisasjonen står ovenfor. Etter selve innlegget ble det stilt spørsmål til Brita, som etter hvert utviklet seg til en debatt om flere tema, noen av temaene var fordelingen av midler og hva som kan defineres som en heltidsbonde. De oppmøtte ble oppfordret til å bruke lokale media til å snakke opp landbruket, og komme med innspill til landbruksforhandlingene. Brita presiserte at det nå var viktig at næringen står samla og at de ulike produksjonene ikke blir sett opp mot hverandre.

Torsdag 23.januar ble det avholdt distriktsmøte i Gjesdal for resten av



Brita Skallerud på distriktsmøte i Aksdal.

Rogaland. Ca 70 representanter møtte opp. Kristin Iansen, 1. nestleder i Norges Bondelag hadde innlegg om den gjeldende landbrukspolitiske situasjonen. Etter foredraget ble det stilt spørsmål fra salen. Viktige tema som ble tatt opp var jordbruksoppgjøret, jordbruks fremskritt, kunnskapsbaserte beslut-

ninger, matsikkerhet, distriktenes overlevelsесgrunnlag, jordvern og mye mer. Også her ble påpekt at næringa må stå samlet i tiden som kommer.

Distriktsmøtene høsten 2014

Det ble avholdt distriktsmøte i Aksdal den 29. oktober med 22 oppmøtte. Den 30. oktober ble det avholdt distriktsmøte på Bore Samfunnshus her var det i alt 33 oppmøtte og på Helleland den 3. november møtte også 33 bondelagsmedlemmer opp.

På møtene var Ola Andreas Byrkjedal, leder i Rogaland Bondelag å orienterte om aktuelle saker fra Norges Bondelag, fylkeslaga og de politiske situasjonene. Det var også innslag fra lokallaga fra hvert distrikt på møtene, der lokallaga orienterte om aktivitetene i sine lag. Videre gav Are H Braaten fra kontoret en innføring i internetsiden "Mitt lokallag" for at lokallagene selv lettere skal kunne blant annet sende ut SMS, mail og registrere kontaktinformasjon til styret. Marianne Osmundsen Bø gav en presentasjon av infoutvalget i Rogaland Bondelag og delte ut inspirasjonshefter for aktiviteter i barnehager og skoler. Det ble tatt en runde på lokallagenes egne erfaringer i forhold til denne typen arrangement. Olav Sande



Distriktsmøte på Helleland.

avsluttet med en orientering om organisasjonsarbeid og diverse saker kontoret jobber med. Det ble satt av god tid til diskusjon og mulighet for lokallagene å komme med innspill om tema som opptar dem. Alle innspill som ble spilt inn ble notert for videre oppfølging av administrasjonen. Blant de sakene som ble tatt opp var forsikring og bondelagets avtale med Gjensidige i forhold til

medlemsfordeler. Det ble gitt orientering om en prosjektgruppe som Bondelaget sitter i og som jobber med feil på brannvarslingsanlegg, dette ble tatt opp til videre diskusjon. Samvirke og bondelagets arbeid opp mot store bruk og bondelagets arbeid for grisebønder ble også tatt opp til diskusjon.

Ledermøte

Ledermøte 2014 ble avholdt på Scandic City Hotell i Stavanger. 58 lokallagsledere og gjester møtte opp, og politiskarbeid stod på agendaen. Leder i Rogaland Bondelag Ola Andreas Byrkjedal starta møte med å ønske velkommen. Per Skorge fra Norges Bondelag holdt sitt innlegg om Bondelagets politiske arbeid i medvind og motvind med påfølgende debatt av lokallagsledere.

Stortingsrepresentantene Tina Bru fra Høyre og Torstein Tvedt Solberg fra Arbeiderpartiet holdt sine innlegg med tema "Hvem skal produsere maten vår og hvordan". I debatten ble de utfordret på beitetilskudd og verdien av bruk av beite, tollvern, og jordvern. Distriktspolitikken ble lagt frem og lokallagsledere kom med sine utfordringer i sitt distrikt, og poengterte viktigheten av at det produseres mat også utenfor Jæren. Det ble også lagt frem de ringvirkningene som vil komme med den distriktspolitikken som blir ført. Det har vært en betydelig effektivisering i landbrukssektoren som vil komme med den distriktspolitikken som blir ført. Det har vært en betydelig effektivisering i landbrukssektoren.

Astrid Solberg, organisasjonsjef i Norges Bondelag, hadde sitt innlegg om rekruttering av tillitsvalgte til lokalråd, fylkeslag og andre organisasjoner i landbrukssektoren. Dagen ble avsluttet med et grupperarbeid om tema.



Frå venstre - Generalsekretær Per Skorge, Ola Andreas Byrkjedal, Per Inge Egeland.

Dag 2 ble startet med nytt fra Norges Bondelag og om hvilke saker de vil prioriterte fremover. Her ble medlemsverving tatt opp samt at lokallagslederne ble bedt om å komme med innspill til eventuelle aksjonsformer. Vervevalget i Rogaland Bondelag hadde også et innlegg om hvordan de jobber.

Regionsdirektør Hallgeir Herikstad i Mattilsynet fortalte om dyrevelferd og medisinbruk. Det ble blant annet tatt

opp konsekvenser for strukturendring og overgang til større bruk. Dyrevernens neddens roller og arbeidsmåte i mattilsynet ble det også gitt en orientering om.

